

Innspel til krisepakke

Til

Stortinget
Regjeringa
Vestland fylkeskommune

8. MAI 2020

Nordfjorderrådet og Visit Nordfjord


N
J
F
O
R
D

Innleiing

Det regionale beredskapsteamet i Nordfjord, der kommunane Bremanger, Gloppen, Stad og Stryn deltek, har synspunkt på støtteordningane og vi vil i dette brevet fremje desse:

- Kompensasjonsordninga: Sesongdrift, eigarskap vs. leige, permitteringsreglar, tidsperspektiv, nettverks- og destinasjonsselskap
- Elles ynskjer vi å rette merksemd mot lånegarantiordninga, smittevernstiltak, reiserestriksjonar, og korleis vi raskast mogleg kan komme i gang med eit normalisert samfunnsliv. Vi viser også til tidlegare innspel om støtteordningar til næringslivet.

Nordfjord har eit aktivt næringsliv innan fleire bransjar og har i ein normalsituasjon stor verdiskaping som fordeler seg slik:



«Mykje av verdiskapinga i Nordfjord vert eksportert ut av regionen.»

Det som er vårt hovudfokus no er å jobbe aktivt for å få hjula i gong. Det har den siste tida vore litt nedgang i tal arbeidsledige og lite nye søknader om dagpengar. Vi har lagt ved nokre figurar som viser utvikling og status i vår region.


Utvikling i ledighet uke for uke

Tilbake til meny


Utviklingen i helt ledige og alle arbeidssøkere (inkludert delvis ledige). Filter: Nordfjord

Velg region

Nordfjord



Utvikling nye søknader om dagpenger under permittering



Vi har vore i kontakt med fleire bedriftsleiarar etter første runde med søknad om kompensasjon for dekning av faste utgifter. Regjeringa og Storting jobbar no med krisepakke 3 og vi vil i denne forbindelse i forkant kome med dei viktigaste innspel vi har fått og nokre forslag til forbetring/justering samt andre innspel vi har fått.

Arbeidsløyse

Tal heilt ledige pr 05.05.2020

Bremanger	5,7%
Stad	6,1%
Gloppen	4,4%
Stryn	8,9%

Kort skildring av situasjonen

Mange bedriftsleiarar er naturlegvis usikre på korleis marknaden for deira produkt /tenester blir framover og er spesielt uroa dersom krisa varer lenge. Dette gjeld både i Norge og globalt. Fleire melder om at dei ser lyspunkt, men meiner det vil ta tid. Mange bedrifter i Nordfjord er sesongbaserte, mykje av innteninga for heile året skal skje i juni, juli og august. Dette gjelder spesielt reiseliv og deler av varehandelen.

I Nordfjord er det normalt mange utanlandske besøkjande som i år ikkje vil komme på grunn av reiserestriksjonar. Mange av leiarane i desse verksemdene er svært bekymra for korleis dei skal klare å få dekkja kostnadane resten av året og til neste sesong då krisepakane ikkje treff deira verksemd. Innan industri og servicenæringar opplever vi stor variasjon, men uroa her er også knytt til usikkerheit i etterspørsel, forsyning av komponentar /varer dersom krisa varer lenge. Bygg /anlegg har også varierende tilbakemeldingar, men dei fleste rapporterer om at det på sikt blir mindre aktivitet med mindre nye prosjekt kjem ut i marknaden.

Dei fleste bedriftene følgjer situasjonen nøye og vurderer permittering dersom krisa blir langvarig.

Kompensasjonsordning – Vi har følgjande innspel:

Sesongbedrifter:

Dei har faste uunngåelege kostnader heile året, men omsetning kun 3 til 5 mnd i året. Fleire av desse bedriftene har heller ikkje tilsette i deler av året. Ordninga slik den er i dag, treff ikkje pga retningsliner som er lagt inn for å ha rett til å søkje. Fleire av desse bedriftene melder no at dei slit med å betale feriepengar og det handlar om likviditet.

Vårt innspel:

«Kompensasjonsordninga må justerast slik at sesongbedriftene kan søkje og få dekt deler av sine faste uunngåelege kostnader»

Eige / leige:

Mange bedrifter i Nordfjord eig sine anlegg sjølve. I dag får bedrifter som leiger bygg dekt deler av sine husleigekostnader, medan bedrifter som eig anlegg og utstyr ikkje får dekt desse kostnadane.

Vårt innspel:

«Denne ordninga verkar urettvis. Vårt forslag er at bedrifter som eig anlegg/utstyr sjølve får dekt tilsvarende del av avskrivninga i framtida.»

Ikkje skattepliktige selskap:

Desse selskapa kjem pr i dag ikkje inn under kompensasjonsordninga. Vi er spesielt uroa for skisenter som kom seint i gong denne vinteren. Snøforholda vart gode, men då vart desse selskapa nedstengde pga koronakrisa. Desse selskapa er særskilt viktige i vår region for å skape engasjement og trivsel for innbyggjarar og heilårsturisme.

Vårt innspel:

«Kompensasjonsordninga må tilpassast slik at ho treff skisenter og tilsvarende ikkje-skattepliktige selskap med store tap på grunn av koronakrisa.»

Pakkereiser:

Vi har fleire selskap i vår region som marknadsfører og pakker reiser og opplevingar for gjester til Nordfjord. Desse bedriftene har lagt ned mykje arbeid som dei pr i dag ikkje får dekkja pga at dei må refundere førehandsbetalinga, men får ikkje dekkja eige arbeid.

Vårt innspel:

«Selskap som marknadsfører og pakker reiser og opplevingar lokalt/regionalt må få dekkja lønskostnader til nøkkelpersonar, evt at kunden ikkje får refusjon på den delen av jobben som går til å pakke reisa.»

Tilsette og permitteringsreglar:

Som ein ser av statistikken er det mange som har permittert tilsette, men fleire leiarar melder at ein må ha ei minimumsbemanning sjølv om bedrifta står utan omsetning slik at ein er klar til å starte opp når tida er inne. Eksempel på stillingar er dagleg leiar, vedlikehald, økonomi, kjøkkensjef, sal med meir.

Det er vår oppfatning at det er langt større nytteverdi for personen , bedrifta og samfunnet å kunne gjere nyttig arbeid framfor å få pengar frå staten for å vere permitterte.

Leiarane er opptekne av å halde på dei tilsette slik at ein kan starte gradvis opp. Alternativet for ein del bedrifter er å tilpasse bemanninga og seie opp arbeidstakarar.

Vårt innspel:

«Vi meiner at det må vere ordningar som kompenserer for at nøkkelpersonar får vere i arbeid, og kan jobbe med utvikling og marknaden "etterpå" framfor å vere permitterte.»

«Permitteringsreglane må forlengast i lys av at dei fleste leiarane vurderer at krisa og effekten av krisa vil ta lang tid å rette opp.»

Kompensasjon for inntektstap:

Vi har oppfatta at enkelt bedrifter får redusert støtte då berekningsmodellen vart endra med mellom anna å bruke januar/februar som del av berekningsgrunnlaget.

Vårt innspel:

«I ein framtidig modell må kompensere for inntektstap i større grad enn det vert gjort no.»

Langsiktigheit:

Fleire leiarar melder om at dei vurderer nøye om dei skal opne eller ikkje. Hovudgrunnen til dette er at kompensasjonsordninga pr i dag varer ut mai og leiarane er usikre på om ordninga vert vidareført og eventuelt i kva form. Det er svært viktig at bedriftene får klarheit i vidareføring og innretning raskt.

Vårt innspel:

«Kompensasjonsordninga må også vere langsiktig og vi er særst uroa for spesielt reiselivsbedriftene i vår region som inkluderer hotell, servering, opplevings og aktivitetsselskap.»

«Det er også svært viktig for bedriftene som no satsar alt på å holde hjula i gong får høve til å delta i kompensasjonsordninga.»

Oppstartsbedrifter:

Vi har også heldigvis fleire oppstartsbedrifter i vår region. Fleire av desse bedriftene har lite historikk å vise til, ei heller ikkje i januar / februar 20. Nokre er i oppstartsperiode og har kalkulert underskot i oppstartsperioden både i høve til ekstraordinære oppstartskostnader og at ein skal etablere og bygge seg opp i marknaden.

Vårt innspel:

«Slik vi oppfattar det treff ikkje kompensasjonsordninga oppstartsbedriftene godt. Det er viktig at innretninga i framtida blir slik at desse også får kompensasjon.»

Oppretthalde og sikre nettverks/destinasjonsselskap:

Desse er viktigare enn nokon gong i forhold til å hjelpe bedriftene i ein vanskeleg situasjon.

Vårt innspel:

«Vi må sikre at kontingent frå bedriftene til destinasjonsselskapa vert ein del av grunnlaget for kompensasjonsordninga.»

Andre viktige innspel

Lånegarantiordninga:

Vi kjenner til at fleire har nytta seg av denne ordninga i vår region. Dette er ei bra ordning, men det er stor usikkerheit omkring nedbetalingstid på 3 år dersom krisa varer lenge.

Vårt innspel:

«Nedbetalingstida for lånegarantiordninga må forlengast.»

Næringshageprogrammet:

Artikkel 27 i næringshageprogrammet – klyngestøtte har støtteintensitet på 50% i dag. Det er vanskeleg å krevje 50% eigenandel frå bedriftene no.

Vårt innspel:

«Vårt innspel er å auke programfinansieringa i næringshageprogrammet til 100% støtteintensitet.»

Virkemiddelapparatet generelt:

Innretning av verkemiddelapparatet må vere fleksibelt nok slik at løysingar ikkje vert låst i kriterium som ikkje treff næringslivet

Smittevernstiltak:

Det blir meldt om usikkerheit om korleis praktisere og fortolke smittvernreglar i ulike bransjar. Spesielt i reiselivsbedriftene har det vore eit tydleg behov for avklaring.

Vår klare oppfatning er at bedriftsleiarane er opptekne av tryggleik og å delta i dugnaden på å avgrense smitte. Vi har full forståing for at dette er eit vanskeleg område og at ein må gjere individuelle vurderingar. Det er også slik at når ein slepper opp gradvis på regelverket vil det vere stort behov for informasjon. Vi kjenner godt til at det er eit samarbeid mellom lokal smittevernlege og FHI med fleire.

Døme på konkrete spørsmål er:

- Avstand mellom personar.
- Kva er ei gruppe?
- Kor mange gjester kan ein ta imot?
- Kva kan ein opne for drift og ikkje? Konkret eksempel: Kan vi opne eit symjebasseng utan nødvendigvis å bruke garderober/dusj/boblebad?
- Krav til reingjering og andre smitteførebyggande tiltak?
- Skjerming av tilsette?
- Informasjon og plakatar
- Ansvarsforhold?

Vi er opptekne av bransjevise og mest mulig tydelege reglar (veiledere) som kan praktiserast mest mulig likt med individuelle tilpassingar.

Reiserestriksjonar:

Det vert også reist spørsmål om kva er naudsynte fritidsreiser. Vi tilrår at denne formuleringa vert stroken om det ikkje allereie er gjennomført.

Det vert også stilt spørsmål om når ein vil lempe på reglane ved grenseoverskridande reiser. Eventuelt kva prosess ein har på vurderinga Grunngevinga for spørsmålet er at ein del reiseoperatørar held på kapasiteten inntil avbestillingsfrist og slik sett sperrer for alternativ bestilling frå norske gjester. Kva plan har regjeringa på opning av landegrenser?

Få hjula i gong:

Vi har også fått innspel /idear på korleis få hjula i gong og vil nemne nokre her:

Vårt innspel:

- Fylle på kommunale næringsfond som kan nyttast til å hjelpe bedrifter i kritisk fase samt til å utvikle lokalt næringsliv. Kommunane er tett på.
- Få sett i gong felles opplærings- og utviklingsprosjekt som kan gjere næringslivet betre rusta i framtida. Vi oppfattar at regelverket er endra og finansiering er styrka for å søke på og sette i gong slike tiltak.
- Sikre omstillingsmidlar til bedrifter som arbeider med berekraftig produktutvikling. Det vi skal leve av i morgon.
- Forsere vegvedlikehald, vedlikehald bygg, nybygg, vegprosjekt med meir.
- Tiltak som kan få ungdom i arbeid. Desse vil ha utfordringar med å få seg sommarjobb i år. Det er ikkje bra.
- Opning / opningstider for barnehagar og skular er viktig å få avklart, slik at dette ikkje er hemmande for å få hjula i gong.



*Vi vonar at de tek våre
innspel opp til vurdering og
ser fram til å høyre
frå dykk*

Med helsing,

Alfred Bjørlo
Leiar Nordfjordrådet

Jon Nesje
Styreleiar Visit Nordfjord